



## UTBYGGING AV HYTTEOMRÅDE I ÅSERAL - FRAMTIDIG ORGANISERING

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
L89	2010/406	Rune Stokke	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
11/54	Kommunalutvalet	28.06.2011
11/22	Kommunestyret	30.06.2011

Vedlegg:

- 1 Hyttepolitikk, rapport frå arbeidsgruppe 16.06.2011

### Bakgrunn:

Den direkte bakgrunnen for denne saka er kommunestyret sitt vedtak i K.sak 5/2011.

Det blei gjort følgjande vedtak i saken:

*Kommunestyret sluttar seg til "anbefalinger" frå 2T –RÅD og dei presiseringar som rådmannen i denne saksframstillinga har gjort til desse. Dette blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med organisering og utbygging av VA i hyttefelta.*

*Innan ein set i verk konkrete prosjekt eller inngår konkrete avtalar ynskjer kommunestyret seg førelagt ei nærare utgreiing kring mål, modellar, finansiering, arbeidsformer og kva det elles er føremålsteneleg at kommunestyret tek stilling til.*

*Kommunestyret forventar å få saka tilbake til endeleg handsaming innan sommarferien.*

*Administrasjonen må også vurdere ein modell der det blir bereikna renter på arbeidskapital som blir disponert.*

I denne saka gjer rådmannen framlegg om målsettingar, modellar, finansiering og arbeidsform med omsyn til nokre sentrale spørsmåla i saka.

Etter kommunestyrets vedtak blei det oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med Hilde Stuestøl, Jan Oddvar Lineikro, Astrid Marie Engeli og Øyvind Moltumyr. Grappa har utarbeidd ein rapport med ulike framlegg. Denne ligg ved.

### Vurdering:

*Innleiingsvis:*

Rådmannen sine vurderingar tek utgangspunkt i vedlagde rapport frå arbeidsgruppa, samt dei dokument som tidlegare er utferda i saka. Rapporten frå arbeidsgruppa og gruppa sine konklusjonar står gruppa for sjølv, utan innblanding frå rådmannen. Det kan difor vere

einskilde avvik mellom rådmannen sine tilrådingar og gruppa sine. Kommunestyret avgjer no kva som skal bli den endelege konklusjonen.

### *Tilrådingar:*

Arbeidsgruppa har arbeida godt og raskt med oppdraget dei fekk etter kommunestyret sitt vedtak i sak 2011/5. Temaet dei fekk å arbeide med er komplekst og fagleg krevjande. Det er difor godt gjort å kunne levere den føreliggjande rapporten når dei samstundes har handtert sine faste oppgåver.

Rådmannen sluttar seg i all hovudsak til tilrådingane for arbeidsgruppa. Ein vil nedanfor gå nærare inn på dei mest sentrale punkta.

#### 1. Obligatorisk tilkopling av eksisterande hytter til anlegg for vatn og avlaup:

Spørsmålet om kommunen skal innføre obligatorisk tilkopling til anlegg for vatn og avlaup (seinare kalla VA) er kanskje den viktigaste, og samstundes mest omstridne avgjerda i denne saka. Spørsmålet om obligatorisk tilkopling av hytter til anlegg for VA må formelt gjerast i plan, og det er lagt opp til at dette skal gjerast i samband med rullering av kommuneplanen. Det er likevel ikkje mogleg å fastlegge ein heilskapleg kommunal politikk for kommersiell hyttebygging i kommunen utan å handsama dette spørsmålet. Det blir difor tatt høgde for at dette spørsmålet blir realitetshandsama no.

Dette bør kunne bidra til at saka er mest mogleg gjennomdrøfta når det formelle vedtaket blir gjort seinare som ein del av rulleringa av kommuneplanen.

Rådmannen finn det juridiske grunnlaget for å sette krav om slik tilkopling tilfredsstillande og syner elles til rapporten frå arbeidsgruppa.

Tilkopling av eksisterande hytter vil bidra til å gjera kommunens drift av VA-anlegga meir rasjonell og sikker. Gjennom obligatorisk tilkopling til VA vil vi og få sanert ei stor mengde private avløpsordningar som i mange tilfelle ikkje er tilfredsstillande. I dette ligg det ei klår miljøforbetring.

For den einskilde hytteeigar ligg det mange positive element i tilkopling til VA anlegg. Komforten på hytta blir betre. Hytta stig i verdi. Den blir meir attraktiv som utleigeobjekt med vidare.

Det vil ikkje vera mogleg å gjera tilkoplingsplikta gjeldande for alle dei eksisterande hyttene. Deler av hyttene vil ligga i område der framføring av VA berre kan skje til ein kostnad som vil vera uforholdsmessig stor. Av same grunn vil og hytter som ønskjer vatn og avløp ikkje kunne få tilbod om dette utan at dei dekker meirkostnaden sjølv.

Argument mot obligatorisk tilkopling kan vera at drifta av VA-anlegga er tilstrekkeleg rasjonell og sikker utan tilkopling frå dei eksisterande hyttene, at miljølempene i dag ikkje er tilstrekkeleg store, eller ei meir prinsipiell haldning om at obligatorisk tilkopling vil representera eit for sterk inngrep einskildpersonen sine rettar.

Det at høve til å krevja tilkopling er nytt, gjer at vi trår inn på juridisk upløya mark. Dette, saman med kostnadene som obligatorisk tilkopling vil representere for den einskilde hytteeigar, gjer at kommunen må vera budd på at ein kan bli part i søksmål eller andre juridiske prosessar der spørsmål rundt obligatorisk tilkopling blir avklara.

Sjå elles avsnittet om økonomi med omsyn til prinsipp for finansiering av tilkopling av eksisterande hytter.

Om kommunestyret er samd med rådmannen i spørsmålet om obligatorisk tilkopling for eksisterande hytter, er det ønskeleg om ein kan ha omforeina målsettingar for dette arbeidet. Arbeidsgruppa vektlegg trongen for å skapa mest mogleg positivitet rundt arbeidet med tilkopling av dei eksisterande hyttene. Ein god dialog mellom dei involverte partane, i første rekke hytteeigarane, grunneigarane og kommunen, er særskild viktig for å oppnå dette. Arbeidsgruppa legg opp til både ein brei informasjonsprosess og god kontakt med den einskilte hytteeigar. Rådmannen vil understreka kor viktig det vil vera at hytteeigaren får god tid til å førebu seg på tilkoplinga.

Med eit moderat utbyggingstempo som tek omsyn til den einskilte hytteeigaren og samstundes balanserer dette opp mot kommunen sitt ønske for framdrift i arbeidet, synes det rimeleg å ha som målsetting at tilkoplinga av dei eksisterande hyttene blir utført i løpet av den komande tiårsperioden.

Rådmannen ser det ikkje som teneleg å vedta overordna målsettingar for hyttebygging i Åseral ut over dette, i denne saka.

## 2. Modellar:

Arbeidsgruppa konkluderer med at det er naudsynt at kommunen har ei aktiv rolle i arbeidet med utbygging av VA til eksisterande hytter. Rådmannen er samd med gruppa om at dette truleg er naudsynt om ein skal lukkast med å nå målsettinga om å ha bygd ut VA anlegga i eksisterande hyttefelt i løpet av 10 år. Gruppa nemner og ein modell frå Valdres der kommunen er mindre aktiv, men sett krav om tilkopling dersom hytteeigaren ønskjer å gjera bygningsmessige arbeider på hytta som krev godkjenning etter plan og bygningslova. Dette kan vera eit alternativ dersom eit fleirtal i kommunestyret ønskjer ei mindre aktiv rolle frå kommunen si side. Men då er det i tilfelle lite realistisk å ha målsetting om å gjennomføre utbygginga i løpet av 10 år.

## 3. Organisering/(arbeidsform):

Utbygging av VA til eksisterande og nye felt vil vera ein vedvarande kommunal oppgåve. Dette tilseier at arbeidet blir organisert innafor ordinær drift på same måte som for andre kommunale oppgåver. Omfang og juridiske tilhøve, mellom anna knytt til meirverdiavgift, lov om offentlege innkjøp samt reglane rundt anleggsbidrag kan eventuelt gjera det aktuelt å organisera deler av dette arbeidet gjennom eit kommunalt selskap. Dette er noko vi må arbeida vidare med før vi tek endeleg stilling.

Eit hovudpunkt for administrasjonen er at arbeidsoppgåvene må delast på fleire medarbeidarar. Dette skal gjera administrasjonen tilstrekkeleg robust til at ein på ein god måte taklar skifte i personell og ledige stillingar. Arbeidsmengda ein ser føre seg tilseier likevel at administrasjonen må styrkast – også ut over at ein tilsett ein utbyggingskoordinator. Til dømes er det naudsynt at økonomisjefen følgjer arbeidet tett. Den totale arbeidsmengda ved kommunekassa må gjera dette mogleg. Stillinga som utbyggingskoordinator er allereie finansiert for tre år. Rådmannen vil vurdere å ta opp spørsmål om ytterlegare styrking av administrasjonen i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

Dersom denne satsinga ikkje blir vellukka kan ho sjølvstekt avviklast og organisasjonen kan bemannast ned igjen.

#### 4. Eksisterande utbyggingsselskap:

Dagens organisering inneber ei blanding av roller mellom ulike personar og verksemder. Vidare er det viktig å få på plass ei organisering som vi er sikre på at ikkje kjem i konflikt med reglar for offentlege innkjøp. Rådmannen held difor fast ved at eksisterande private utbyggingsselskapa bør fasast ut. Dette må gjerast i eit samarbeid mellom kommunen og selskapa. Det er naturleg at økonomisjef får ei sentral rolle i dette arbeidet. Konsulenthjelp kan vera naudsynt. I tråd med tidlegare notat frå 2T Råd må det settast av middel til naudsynte sluttoppgjer.

#### 5. Økonomi/Finansiering:

Fleire ulike finansieringskjelder vil kunne vera aktuelle for finansiering av infrastruktur i hyttefelt. Tilkoplingsavgifter (frå eksisterande og ved (familie-)fortetting), anleggsbidrag, midlar frå ordninga om kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, midlar frå utbyggingssavtaler, midlar frå fylkeskommunen til regionale utviklingstiltak og lån, kan vere aktuelle.

Kommunestyret slutta seg i sak 2011/5 til at:

*”Ein vil berre understreke at det som er sagt i tilrådinga om at kommunen sin risiko i utbygginga av VA i hytteområda skal vere liten. Det er naudsynt å sikre attendebetaling av bidrag via bindande avtalar, truleg med garantiar. Opplegget er at påkoplingar skal dekke kommunen sine utgifter og at evt. kommunale bidrag er mellombels.”*

#### 6. VA-anlegg til nye felt:

Hovudprinsippet ved utbyggingane av hyttefelt har vore at utbyggarane skal dekke kostnadene. Tilkoplingsavgifter har finansiert hovudanlegg. Slik bør det framleis vera. Kommunestyret har og bede administrasjonen sjå på ein modell der utbyggarar òg må dekke eventuelle finanskostnader som kommunen pådreg seg ved slike utbyggingar. Administrasjonen har førebels ikkje laga nokon modell for dette. Etter som det i realiteten er kommunen som er suveren planstyresmakt på dette området, skulle ikkje dette vera noko stort problem. Ei grunngeving for å hevde at ein likevel ikkje bør vera heilt ”firkanta” i høve til kostnadsdelinga er at utbygging av nye hyttefelt tilfører kommunen ein verdi i form av lokale arbeidsplassar, årlege festeavgifter, lokal varehandel med vidare. I så måte bør ein kanskje sjå på kva konkurrentane våre gjer (andre hyttekommunar). Vi ser at ein nabokommune som Bykle har gått svært langt med omsyn til å finansiere hovudleidningsnett. Dette for å gjera terskelen for å koma i gang med nye felt, lågare for utbyggarane.

Om ein tillet seg å skjele til kommunens eigen politikk for utbygging av industriområde betaler kommunen alle kostnader med regulering, grovplanering av tomter samt kabling og røyr fram til tomtegrense. Med omsyn til landbruksnæringa har kommunen halde på ein relativt stor administrasjon som har bistått gardbrukarane med ymse planar og søknader. Rådmannen ønskjer ikkje halde næringar opp mot kvarandre, men rådmannen er av den oppfatning at ”hyttenæringa” òg er svært viktig for kommunen. Dette kan forsvare eit finansieringsopplegg der nokre utgifter fell på kommunen. Det viktige er å ha kontroll og vera medviten om den politikken ein vel og dei kostnadene ein pådreg seg.

Det å finne ein god balanse mellom kommunale utgifter og ønskje om å oppnå økonomisk aktivitet er sjølvstgt det sentrale punktet i dette sakskomplekset.

Rådmannen vil gjera framlegg om at ein vel ein modell for finansiering av nye hyttefelt som i hovudsak tilsvare dagens. Naudsynte endringar i høve til dagens modell for utbygging av VA til nye hyttefelt er i hovudsak knytt til organisering av arbeidet.

#### 7. VA til eksisterande felt:

På dette punktet i saka har rådmannen eit anna syn enn arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa gjer grundig greie for sitt syn på sidene 13 og 14 i rapporten.

Arbeidsgruppa legg opp til at dersom påkoplingsavgiftene ikkje dekker anleggskostnader (ikkje private stikk) i eksisterande felt, så skal kommunen ta opp lån for å finansiere resten. Arbeidsgruppa gjer framlegg om at kostnader til renter og avdrag skal leggjast inn i sjølvkostrekneskapen og dermed overførast til abonnentane via våre gebyr på vatn og avlaup. Kommunen har dermed overført risikoen til andre, men rådmannen har ikkje oppfatta at det var ei slik løysing kommunestyret såg føre seg.

Til orientering kan ein opplyse at pr. i dag så dekker ikkje avgiftsinnbetalinga kostnadane med å produsere vatn- og avlaupstenester til fastbuande og hytter. Hyttene gjer at vi nærmar oss 100 % dekning. Rekneskapen for 2010 viser at for avlaup så dekker inntektene 93 % av kostnadane. For vatn er dekninga 72,5 %. Det resterande subsidierar vi sjølv med andre inntekter. I 2011 vil renter og avdrag knytt til utbygginga av VA på Ljosland koma som eit tillegg i sjølvkostrekneskapen. I samband med fastsetjing av gebyrregulativet kan kommunestyret velje mellom å la abonnentane dekke denne meirkostnaden eller om vi skal auke subsidiering. Då står det framleis att å hente inn dagens subsidiering. Kor store kostnader det er tale om pr. abonnent har ein ikkje oversyn over i dag.

Som nemnd under kapittelet om organisering av arbeidet, blir det gjort framlegg om å tilsette ekstra personalressursar for å administrere arbeidet. I tråd med notatet frå 2T-Råd gjer ein framlegg om at denne kostnaden blir halden utanfor sjølvkostreknestykket som ligg til grunn for berekning av årleg VA-avgift. Ei heil stilling med tillegg av administrative kostnader kjem fort på ein million kroner. Ei slik stilling aleine ville auka den årlege avgifta med kr 740,- på kvar av dei noverande abonnentane.

Kommunestyret har slutta seg til (sak 2011/5) at vi ikkje skal vere pådrivar i saker om å føre fram VA i eksisterande felt og prosjekta skal vere økonomisk forsvarlege.

Arbeidsgruppa er komen fram til at det ikkje er juridisk grunnlag for kommunen til å krevje inn anleggsbidrag, men det er derimot ikkje noko forbod med å få i stand friviljuge avtalar som opnar for dette. Hovudfinansieringa av anlegga skal vere påkoplingar, men det er som nemnt ovanfor, ei rekke andre aktuelle måtar å skaffe pengar.

Spørsmålet om å leggja kostnader knytt til utbygging av VA i eksisterande hytteområde inn i sjølvkostrekneskapen er prinsipielt og bør få ein grundig diskusjon i kommunestyret. Ein modell som arbeidsgruppa gjer framlegg om vil nok gjere det enklare å realisere prosjekt fordi ein ikkje treng tenke på fortetting. Men er det rett at ein ikkje legg opp til det. Fortetting vil også gje oppgåver for det lokale næringslivet, nettopp det som er motivasjonen for det kommunale engasjementet.

Rådmannen sitt syn er at alle prosjekt som vi involverar oss i skal vere sjølvfinansierande. Kor pengane kjem frå er ikkje avgjerande, men poenget er at feltet som blir bygd ut

finansierer seg sjølv. Kommunen sitt bidrag i slike utbyggingar er administrativ og fagleg bistand, samt at vi kan forskottere midlar inntil påkoplingar mm startar å koma inn. I tråd med kommunestyret sitt vedtak i sak 2011/5 så skal vi ha ein garanti for attendebetaling av pengane. Vårt forskot i slike prosjekt blir finansiert over fondet på 30 mill. som kommunestyret slutta seg til i nemnte sak 2011/5.

Rådmannen vil likevel tilrå at det i heilt spesielle tilfeller kan opnast opp for at kommunestyret kan godkjenne bruk av låneopptak som finansieringskjelde. Kva for særlege grunnar det skulle vere kan ein ikkje uttale seg om i dag, men ein må avvente det konkrete tilfellet.

Arbeidsgruppa gjer framlegg om ei øvre beløpsgrense på kr 135.000,- for den einskilde hytteeigar til framføring av privat stikkledning. Rådmannen meiner at ein slik kostnad ikkje er å sjå på som urimeleg og sluttar seg til dette framlegget.

### **Framlegg til tilråding:**

*Åseral kommune innfører obligatorisk tilkopling til offentleg anlegg for vatn og avløp for eksisterande hytter i områda Bortelid, Eikerapen og Ljosland. Det er eit mål at hytter som kjem inn under ordninga skal vera koplta til innan 10 år.*

*I tråd med vedtak i kommunestyresak 2011/5 skal utbygginga av VA i nye og eksisterande felt vere sjølvfinansierande. Mot garantiar for attendebetaling, kan kommunen forskottere ein nærare avtalt sum til prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om dette.*

*Ved utbygging i eksisterande felt kan kommunestyret etter særskilt vedtak, ta opp lån til delvis finansiering av utbygginga. Slike lån blir finansiert med tillegg i gebyra til abonnentane.*

*Åseral kommune definerer uforholdsmessige kostnader med framføring av privat stikkledning til kommunalt VA-nett som ein sum. Beløpsgrensa for fritak blir sett til kr 135.000,- eks. mva og tilkoplingsavgift for kvar eigedom. Beløpet blir indeksregulert årleg i henhald til byggekostnadsindeksen (bustader i alt) og blir runda opp til næraste kr 1.000,-. Grunnlaget for indeksen er juni 2011. Første regulering blir gjort 1. januar 2013 og indeksen for november året før blir lagt til grunn.*

### **Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 28.06.2011**

#### *Habilitet:*

Oddmund Ljosland blei samrøystes erklært ugild i m.h.a. Forv.1. § 6, 2. ledd  
Bjarne Haugstad møtte som varamann

#### *Habilitet:*

Arna Berg blei samrøystes erklært ugild i m.h.a. Forv. 1. § 6, 2. ledd  
Odd Arne Røyland møtte som varamann

#### *Val av setteordførar:*

Olav Åsland blei valt til setteordførar

#### *Framlegg:*

Frå Kommunalutvalet

*Åseral kommune innfører obligatorisk tilkopling til offentlig anlegg for vatn og avlaup for eksisterande hytter i områda, Ljosland, Eikerapen og Ljosland. Tilkoplingsavgift skal betalast inn når anlegget er ferdig. Fysisk tilkopling ( privat stikk) kan vente til generasjonsskifte, eigarskifte eller i samband med byggtekniske endringar på hytta som krev tillatelse.*

*I tråd med vedtak i kommunestyresak 2011/5 skal utbygginga av VA i nye og eksisterande felt vere sjølvfinansierande. Mot garantiar for attendebetaling, kan kommunen forskottere ein nærare avtalt sum til prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om dette.*

*Ved utbygging i eksisterande felt kan kommunestyret etter særskilt vedtak, ta opp lån til delvis finansiering av utbygginga. Slike lån blir finansiert med tillegg i gebyra til abonnentane.*

*Åseral kommune definerer uforholdsmessige kostnader med framføring av privat stikkledning til kommunalt VA-nett som ein sum. Beløpsgrensa for fritak blir sett til kr 125.000,- inkl. mva og tilkoplingsavgift for kvar eigedom. Beløpet blir indeksregulert årleg i henhald til byggekostnadsindeksen (bustader i alt) og blir runda opp til næraste kr 1.000,-. Grunnlaget for indeksen er juni 2011. Første regulering blir gjort 1. januar 2013 og indeksen for november året før blir lagt til grunn.*

*Votering:*

*Framlegg frå kommunalutvalet vart samrøystes vedteke*

#### **Tilråding:**

*Åseral kommune innfører obligatorisk tilkopling til offentlig anlegg for vatn og avlaup for eksisterande hytter i områda, Ljosland, Eikerapen og Ljosland. Tilkoplingsavgift skal betalast inn når anlegget er ferdig. Fysisk tilkopling ( privat stikk) kan vente til generasjonsskifte, eigarskifte eller i samband med byggtekniske endringar på hytta som krev tillatelse.*

*I tråd med vedtak i kommunestyresak 2011/5 skal utbygginga av VA i nye og eksisterande felt vere sjølvfinansierande. Mot garantiar for attendebetaling, kan kommunen forskottere ein nærare avtalt sum til prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om dette.*

*Ved utbygging i eksisterande felt kan kommunestyret etter særskilt vedtak, ta opp lån til delvis finansiering av utbygginga. Slike lån blir finansiert med tillegg i gebyra til abonnentane.*

*Åseral kommune definerer uforholdsmessige kostnader med framføring av privat stikkledning til kommunalt VA-nett som ein sum. Beløpsgrensa for fritak blir sett til kr 125.000,- inkl. mva og tilkoplingsavgift for kvar eigedom. Beløpet blir indeksregulert årleg i henhald til byggekostnadsindeksen (bustader i alt) og blir runda opp til næraste kr 1.000,-. Grunnlaget for indeksen er juni 2011. Første regulering blir gjort 1. januar 2013 og indeksen for november året før blir lagt til grunn.*

#### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 30.06.2011**

*Habilitet:*

Oddmund Ljosland blei samrøystes erklært ugild i m.h.a- forv.l. § 6, 2. ledd  
John Oddvar Selland møtte som varamann

Arna Berg blei samrøystes erklært ugild i m.h.a. Forv.l. § 6, 2. ledd  
John Terje Haddeland møtte som varamann

Trond Harry Åsland blei samrøystes erklært ugild i m.h.a. Forv. 1. § 6, 2. ledd  
Ingen varamann møtte for han

Grete Bortelid blei samrøystes erklært ugild i m.h.a. Forv.l. § 6, 2. ledd  
Olaug Stangvik møtte som varamann for ho

*Val av setteordførar:*  
Olav Åsland blei valt til setteordførar

*Votering:*  
Framlegg frå Kommunalutvalet fekk ikkje røyster

Fellesframlegg frå Kommunestyret:  
*Åseral kommune innfører obligatorisk tilkopling til offentleg anlegg for vatn og avlaup for eksisterande hytter i områda, Ljosland, Eikerapen og Bortelid. Tilkoplingsavgift skal betalast inn når anlegget er ferdig. Fysisk tilkopling ( privat stikk) kan vente til generasjonsskifte, eigarskifte eller i samband med byggtekniske endringar på hytta som krev tillatelse.*

*I tråd med vedtak i kommunestyresak 2011/5 skal utbygginga av VA i nye og eksisterande felt vere sjølvfinansierande. Mot garantiar for attendebetaling, kan kommunen forskottere ein nærare avtalt sum til prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om dette.*

*Ved utbygging i eksisterande felt kan kommunestyret etter særskilt vedtak, ta opp lån til delvis finansiering av utbygginga. Slike lån blir finansiert med tillegg i gebyra til abonnentane.*

*Åseral kommune definerer uforholdsmessige kostnader med framføring av privat stikkledning til kommunalt VA-nett som ein sum. Beløpsgrensa for fritak for tilkopling blir sett til*

*kr 125.000,- inkl. mva.*

*Beløpet blir indeksregulert årleg i henhold til byggekostnadsindeksen (bustader i alt) og blir runda opp til næraste kr 1.000,-. Grunnlaget for indeksen er juni 2011. Første regulering blir gjort 1. januar 2013 og indeksen for november året før blir lagt til grunn.*

*Kommunestyret sluttar seg utover dette til vedlagt utgreiing ” Hyttepolitikk , rapport frå arbeidsgruppe 16.06.2011”*

Fellesframlegget frå Kommunestyret vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

*Åseral kommune innfører obligatorisk tilkopling til offentleg anlegg for vatn og avlaup for eksisterande hytter i områda, Ljosland, Eikerapen og Bortelid.*

*Tilkoplingsavgift skal betalast inn når anlegget er ferdig. Fysisk tilkopling ( privat stikk)*



*kan vente til generasjonsskifte, eigarskifte eller i samband med byggetekniske endringar på hytta som krev tillatelse.*

*I tråd med vedtak i kommunestyresak 2011/5 skal utbygginga av VA i nye og eksisterande felt vere sjølvfinansierande. Mot garantiar for attendebetaling, kan kommunen forskottere ein nærare avtalt sum til prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om dette.*

*Ved utbygging i eksisterande felt kan kommunestyret etter særskilt vedtak, ta opp lån til delvis finansiering av utbygginga. Slike lån blir finansiert med tillegg i gebyra til abonnentane.*

*Åseral kommune definerer uforholdsmessige kostnader med framføring av privat stikkeledning til kommunalt VA-nett som ein sum. Beløpsgrensa for fritak for tilkopling blir sett til*

*kr 125.000,- inkl. mva.*

*Beløpet blir indeksregulert årleg i henald til byggekostnadsindeksen (bustader i alt) og blir runda opp til næraste kr 1.000,-. Grunnlaget for indeksen er juni 2011. Første regulering blir gjort 1. januar 2013 og indeksen for november året før blir lagt til grunn.*

*Kommunestyret sluttar seg utover dette til vedlagt utgreiing ” Hyttepolitikk , rapport frå arbeidsgruppe 16.06.2011”*

**Parter i saka:**

**Kopi til:**

Økonomisjefen

Revisjon

Avd.sjef TP

Avd.sjef NN